




Avgjerande metode
i bygningsvernet er
ein god prosedyre.


Foredrag i Trondheim
29.01.15

BAKANFORLIGGJANDE SIKTEMÅL ER SLIK:

- ❖ **Frykt for at restaurering skal bli ein konvensjon**, at det blir visse slags handlingar (til dømes spunsing) eller visse slags verktøysspor (øksing) som blir oppfatta som god restaurering.
- ❖ Handlingane våre skal vera svar på **ein tilstand og eit føremål**. Då er det føremålet med stellet og vernet av akkurat den bygningen vi held på med det gjeld. Difor treng vi ein **karakteristikk** og ei **vurdering av verdi og verneverdi**.
- ❖ Verdivurderingar som gir føremål for bygget gir grunnlag for å kunne formulere eit **prinsipp for handling**. Handlingane skal reflektere **kva som skal leggjast vekt på i arbeidet**.
- ❖ Tilstandsrapporten skal konkludere med **framlegg til tiltak**. Tiltaka skal utførast i samsvar med prinsipp for handling. Og det skal gjevast anslag på **kostnadene med desse**.
- ❖ Etter gjennomført tiltak bør det setjast opp ein **skjøtselsplan** basert på oppdagingar og vurderingar som er gjort under istandsettinga.

Skjema for framføring av ei byggjesak som gjeld istandsetting av verneverdig bygg.
Det konkrete arbeidet startar med ein **tilstandsrapport** og blir avslutta med **plan for drift og vedlikehald**





Kritisk del av ei byggjesak som gjeld istandsetting av verneverdig bygg er tilstandsrapporten.

Slutningar om iverksetting byggjer på den.


Val av utførande byggjer på den.

Framskaffing av material byggjer på den.

Vurderingar av verneverdiar og prinsipp for tiltak byggjer på den.

Plan for tiltak byggjer på den

Finansiering byggjer på den



Neste kritiske fase er å finne fram til **kyndig utøvar**.

Kompetanse er knytt til menneske. Institusjonar rår korkje over meir eller mindre kompetanse enn den kompetansen som medarbeidarane sit inne med. Dei fleste oppdraga er unike. Difor er det som oftast spørsmål om **spesiell kompetanse**. Kven er kompetent til akkurat dette?


Kritisk fase er **tid til å skaffe høveleg material og til å forebu arbeidet**.

11	Leiting av material
12	Framstilling av material
13	Framstilling av verktøy
14	Trening
15	Forebuande studiar
16	Eventuell kopibygging
17	Rungsperioda

Skal vi gjera eit forsvarleg uttak av material til eit verneverdig bygg er eitt år som oftast å rekne som minimum.

Skal vi herme verktøyspor lyt vi lage verktøy og trene på bruken av dei.

Skal vi rekonstruere detaljar vi ikkje er kjende med treng vi å utføre studiar.



Avgjerande eigenskap for den som arbeider på eldre bygg er å stille seg open for det uføresette. Det er **regelen og ikkje unnataket** at vi møter noko **uføresett** i arbeidet på eit eldre bygg.

Det uføresette kan vera **skadar som vi møter ved avdekking**. Slike skadar fører til tilleggsarbeid. Generell avtale om kva som skjer i høve tilleggsarbeid er såleis viktig del av avtale.

Den andre delen av det uføresette er slikt vi oppdagar og som gjeld **detaljar i byggjeskikk**. Eitkvart arbeid på vår eldre bygningsmasse er i prinsippet ei granskarfert. Stor del av byggjeskikken er ikkje dokumentert og gjort synleg. **Alle som arbeider på eldre bygg er såleis i prinsippet å sjå på som forskrarar** med plikt til å stoppe opp ved, og å granske slikt som blir oppdaga under arbeidet. Dette gjer anbodsarbeid trælsamt.

Fast pris hindrar opne sinn å oppdage. Ein handverkar som arbeider på kulturelle gjenstandar så som eldre slags bygg er både **byggteknisk produsent og kulturformidlar**. Den reine produksjonsarbeidaren har ikkje tid til å granske og formidle. Den reine kulturformidlaren er ikkje nær nok i prosessane til å oppdage detaljane. Bygningsvernaren lyt difor gjera både delar.



Huset skal vare

Etter istandsetting står det difor att ein del arbeid.

Presentasjon gjeld formidling av produkt og prosess. Til denne hører det å **ta vare på utvalde og forteljekraftige delar som er tekne ut av huset**. Det er ein avgjerande mangel ved bygningsvernet at det ikkje er oppretta arkiv for bygningsdelar i alle delar av landet. Vi misser kvar dag masse informasjon om byggjeskikken av di delar vert kasta.

Eldre hus har andre behov enn moderne. Difor blir det meir og meir viktig at det vert oppretta **skjøtselsplanar** for dei verneverdige bygga våre. Tenk berre på ein enkelt ting som måling. Svært mange skader har oppstått på grunn av vasstett måling og såkalla beis.

Vi tek bygget inn over oss

Før vi går i gang med å fotografere er det lurt å gjera seg ein runde rundt og inni huset for å få eit hovudinntrykk . Då freistar vi å **vera heilt opne og berre lata inntrykka sige inn**. Ved å opne sinnet kan vi koma til å legge merke til ting vi ikkje hadde innstilt oss på. Først og fremst freistar vi å få oss eit **hovudinntrykk**. Det gjer at vi seinare kan arbeide meir målretta.

Vi noterer også **vanlege data** som : Dato for registrering, kvifor vi er der, kven som er oppdragsgjevar, kor vi er (Fylke, kommune, grend, gards og bruksnr., gate og nr., eventuelt kartreferansar). Vi noterer huset sin funksjon (kategori) og eventuelle planar for ny bruk. Var det naust, løe, eller bustad, kyrkje eller fabrikk? Blir det peisestue, konsertsal eller gjesterom?

Målsette skisser er godt verkty i mange samanhengar

Millimeterpapir på ei stiv plate er det enkelt å ha med seg og lettvindt å bruke.

- ❖ **Enkle målsette skisser** over huset sin plass i lendet og i tunet er ofte nyttige.
- ❖ **Undersøking av grunn**, vass-sig og jordsmønn er ofte viktig.
- ❖ **Romplanar og organiseringa av areala** kan vera avgjerande for kor lesbar rapporten skal bli for andre. Ofte finst det skisser og oppriss frå før.
- ❖ Av og til er **oppriss og snitt både av heile huset så vel som av detaljar** viktige for god forståing.

Vi tek mange bilde

Det er greitt å ha eit fast opplegg for fotografering. Det kan til dømes vera slik: Huset sin **plass i lendet , i tunet, i gate**. Gjerne bildet som fortel om karakteren på byggjegrunnen.


Kor vi er på objektet; byggjegrunnen, undergrunnen, huset ute, fundament, vegg, tak, del av desse, detaljar. Huset inne, rom, golv, tak, vegg, del av desse, detaljar. Både ute og inne **vandrar vi medsøles.**

Gode bilde er bilde som er tekne:

- ❖ **Beint i mot fasadar og flater.**
- ❖ **Avvik frå beine liner, plane flater, frå loddrett og frå vassrett.** Då lyt vi legge blikket slik at vi ser det skeive. Vi fotograferer frå sida.
- ❖ **Verktøysspor** og samanføyningar er det viktig å få med. Det kan vera spor etter øksingsteknikkar, sagteknikkar, overflatesletting (høvling, pjåling, profilar), fastgjering, skogsdrift , samanføyningar osb.
- ❖ **Vi kommenterer det vi ser.** Kommentarane kan koma slik som vi ser dei i rekkjefølje av fotografi, men det kan også hende at vi lyt drøfte samanhengar mellom mange detaljar. Då kan det vera lurt å tenkje på disposisjon (sjå nedanfor om strukturert drøfting).
- ❖ For å få med alle **viktige detaljar** vert det gjerne minst 50, av og til mange hundre bilde. 200 bilde er nokså vanleg på ein bygning med fleire rom. Det meste eg har vore oppe i er 850 bilde på eitt objekt. Mange av desse blir sletta når vi kjem heim. Poenget er at **fotoapparatet er ei effektiv notatbok.**



Øvre Dalsegg har bygd opp nytt tun (opp til høgre). I det gamle er det no berre uthuset som står att og der låven er den austlege enden. Det gamle tunet vart etablerte etter utskiftinga kring 1860 og lagt i skrånande bakke med leirhaldig morene som byggjegrunn. Dette er ikkje brukbart i moderne jordbruk med tunge maskiner. Bakken sig. Difor er det bygd opp nytt tun på annan plass og med meir solide underbygg. Difor er det grunn til å sjå nærmare på om låven lyt flyttast for å kunne bli teken vare på for framtidia.




Låve Nistu Dalegg
Grnr/br.nr 1/1
Surnadal
Mål 1:50
Dato 16.06.11 Sign. Enia Strand

Ei skisse som dette gjer det enkelt å orientere bilde så vel som tiltak. Ofte vil det vera viktig med skisser også av detaljar som ikkje så lett let seg fange opp av fotografiet.



Her er det stort bakketrykk og huset er på sakte vandring utover i terrenget. Stabbane hallar utover.



Eje og lare, Nistu Dalsegs
Brnr/Brnr 11
Surnadal
mai 1:100
Dato 16.06.11 Sign. Einar Strand

Foto og skisser
supplerer kvarandre.

Dei formidlar ulik
informasjon.

Skissa eksponerer visse slags detaljar og som difor blir meir poengterte




Eksponering og innfallsvinkel er verkemiddel for fotografen, og som supplerer eit inntrykk.

Å karakterisere

Eit sentralt punkt i metoden vår er karakteristikken av bygget. Det er ved å kunne få fram karakteren på bygget at vi legg grunnlaget for at dei arbeida som skal utførast vert gjorde i samsvar med eigenarten til bygget.

- ❖ Utan karakteristikken vil materialvalet kunne bli for tilfeldig.
- ❖ Utan karakteristikken kan vi få feil slags fagfolk til utføringa.
- ❖ Utan karakteristikken kan vi få utilsikta endringar av huset sin eigenart.

Her kjem nokre døme på ting vi ser på.



Karakteristikk

Det er ved å kunne karakterisere at den kyndige handverkaren uttrykkjer kompetansen sin. Det er den **byggeteknisk karakteren** vi skal freiste å gjera tydeleg. Då ser vi på byggjemåte. Vi har ei historie som gjeld byggjeteknikk. Han er endra gjennom tidene. Det er eit omfattande tema. Her er nokre stikkord:

- ❖ **Alder og alderspreg.** Ser huset opphavleg ut? Er det typisk for tid og stad? Er det gjort store endringar? Ser vi slitespor ? Ser vi spor av ombygging? Ser vi teikn til gjenbruk av material?
- ❖ **Verktyspor** er viktig del. Kva slags sag, kva slags skurdmønster, kva slags øks, osb..
- ❖ **Material** og materialkvalitet kan vera kritisk faktor. Vi har ei materialbruks historie. Dertil skal vi oftast erstatte likt med likt.
 - Om det er **tre**, kva slag treslag, kor i treet, kor i tverrsnittet, kva slags avsmalning, slags vekstrytme, kva slags kvistkarakter, kva slags alder hadde treet då det sto på rot, kva slags vedstruktur (ungdomsved, vanleg stammeved, aldersved, kva slags snu, kor mykje kjerneved, kor høg densitet os b. Ei mengd spørsmål å stille.
 - Om det er **festemiddel**, har vi til dømes ei spikarhistorie: Trådspikar, klypt spikar, smidd spikar og vi har ulike slags spikar av tre; treplugg, nagle, dumblung. Dei er ulike.
 - Om det er **murverk**. Kva slags mørtel (leire, kalk eller sement?)
 - Om det er **måling**. Kva farge, kva slags bindemiddel og kva slags pigment?
 - Om det er **taktekking**. Då dreiar det seg om ei mengd variablar.

Vidare kan det vera grunn til å sjå på:

- ❖ **Funksjon og funksjonsendringar over tid.**
- ❖ **Historie, kven har budd eller brukta huset og til kva.**
- ❖ **Slitespor**
- ❖ **Gjenbruk**
- ❖ **Særlege detaljar; opphavlege dører og vindauge, opphavleg interiør o s b**
- ❖ **OSB OSB**

I ein del tilfelle er desse stikkorda dei naturlege. I andre tilfelle vil andre spørsmål melde seg.
Bygget avgjer.

Karakteristikken lyt vera så nøyaktig at han gjev grunnlag for verdivurderingar . Han skal også gi rettleiing til den som skal utføre arbeid på bygget. Det gjeld så vel istandsetting som vedlikehald.

Teknisk tilstand

Her vil det dreie seg om alminnelege ting slik som:

- ❖ **Råte, setningar, allmenn slitasje osb.** Særleg bør vi vera merksam på byggjegrunn, syllstokkar, tømmer under vindauga, taktekking eventuelle påførte diffusjonstette lag, så som blikkplater, diffusjonstette målingar o s b. Eit hyppig problem i eldre bygg er råte som er kome på grunn av moderne målingar (alkyd, akryl, latex), mineralull og/eller plast.
- ❖ Kort **drøfting** av årsaker til teknisk tilstand.
- ❖ Hovudinntrykk av **teknisk tilstand**.

Juridisk ramme

Det er to viktige lover i samanhengen: **Lov om kulturminne** og **Plan og bygningslov**. Kva juridiske rammevilkår det er for bygget har stor innverknad på kva som kan og bør gjerast med eit bygg. Er det automatisk freda, er det freda etter vedtak, er det ei listeført kyrkje, er det verneverdig på grunn av alder, er det verna ved reguleringsføresegn, er det utan formelt vern?

Mogleg **finansiering** av tiltak vil vera avhengig av juridisk status. Verna bygg kan få midlar frå Riksantikvaren (oftast via fylkeskommunen). Private verneverdige bygg kan få frå Kulturminnefondet . Om det er bygg knytt til gardsbruk i drift kan SMIL- midlar (via landbrukskontoret) vera aktuelle. Dertil finst det kjeldar utanfor dei offentlege systema.

Verdivurdering

Som fagmenneske lagar vi **verneverdivurderingar uavhengig av formell status**. Når vi går inn i bygget med eit ope sinn, kan vi oppdage nye sider ved det og vi kan avsløre mangel på samsvar mellom status og tilstand. Det er først når vi kjem til tiltak at den formelle statusen knytt til lover og reglar kjem inn i bildet. Det vil vera ulike instansar som skal gjera vedtak om slike.

Verneverdiar er kunnskapsverdiar.

- ❖ Ein gjenstand er aldri verdfull i seg sjølv. Han er berre verdfull ut frå det han står for. Det er vårt kunnande og vitande som gjer at han har verdi. **Bygningsvern er kunnskapsforvalting.**
- ❖ **Kunnskapsverdiane skal ofte brytast mot den praktiske bruksverdien.**
- ❖ **Ein tilstandsrapport bør gi uttrykk for kva verdi eit byggverk har.** Det treng ikkje vera omfattande filosofering over temaet. Det er likevel viktig at rapportskrivaren gjer klart for seg **kva det er ved bygget som gjer at det er verneverdig og kva det er som gjev det bruksverdi. Teknisk tilstand skal vegast opp mot verdien av huset.**
- ❖ Denne framstillinga lyt vera så detaljert at det kan rettleie både den som skal gjera vedtak og den som skal utføre arbeid på bygget.

Allmenne omgrep for vurdering av verdi

- ❖ **Typisk.** Då er bygningen på ein tydeleg måte typisk for tid, stad, byggjeteknikk, ut frå funksjonen bygget har hatt o s b.
- ❖ **Representativ.** Då ter bygningen seg som eit godt og tydeleg uttrykk for typen det representerer.
- ❖ **Sjeldan.** Då er det att få døme på det som bygget står for, kan fortelje.
- ❖ **Gammal.** Bygg med høg alder er som regel sjeldne.
- ❖ **Kjenningsverdi (symbolverdi).** Det er byggverk som er knytt opp mot hendingar eller fellesskapet på ein særskilt måte. Eidsvollbygninen er godt døme.
- ❖ **Attkjenningsverdi (identitetsverdi).** Bygningen uttrykkjer noko vi kjenner oss att i, og som gjev særpreg. Det kan vera ei kai. Det kan vera ein møteplass. Det kan vera ei typisk husform. Det kan vera eit tun.
- ❖ **Bruksverdi**
- ❖ **Omsettingsverdi**

Det trengst aktive vurderingar

I ein del tilfelle kan det bli **konflikt mellom vurderingane i høve verdi**. Ein låve kan ha verdi som produksjonslokale og i sær ved ei ombygging til føremålet og der til dømes store maskinar krev større opningar og sterkare golv. Ein gammal stuebygning kan ha verdi som bustad, men treng moderne fasilitetar med våtrom og elektrifisert kjøken. Vi har også andre krav til romtemperaturar enn det som forgjengarane våre levde med.

I både desse tilfella blir det spørsmål om svært **aktive vurderingar av kva ved bygget som gjer at det har verneverdi**. Optimalt skal både verdisistema bli tilgodesett. I ein del tilfelle vil verneverdien slå gjennom. Det kan gå så langt at det av omsyn til verneverdien lyt byggjast eit erstatningshus. I andre tilfelle kan dei særlege verneverdige delane av huset bli poengtert saman med at huset vert tilpassa dei nye behova.

Vi kan også sjå for oss tilfelle der **dokumentasjon og varetaking av visse delar** av eit hus sikrar det huset har å fortelje. Då kan tiltak som skal utførast på huset i prinsippet stå friare, jamvel om det i dei fleste tilfelle vil vera naturleg å tenkje på historisitet og identitet jamvel om byggverket får mykje nytt og går inn i nye samanhengar.

Somme arkitektar likar å skape **kontrast**. Kontrastar vil kunne framheve både det som er nytt og det som er gammalt. Kontrast er eit sterkt verkemiddel som lyt førast med fin hand.

Ikkje sjeldan vil det bli vanskar på kort sikt å tilfredsstille ideale prinsipp vi gjerne vil forfekte og følgje. Å skaffe midlar til meir ideelle løysingar kan også ta tid. **Mellombels sikring** vil i slike tilfelle vera det viktigaste tiltaket. **Platetak har berga mange kulturverdiar.**

Prinsipp for vern

På bakgrunn av karakteristikken av verneverdiar kan vi gå inn for prinsipp for varetaking av huset. Då kjem vi inn på vernekriteria og autentisitet. Ordet autentisk tyder ekte og opphavleg. Prinsipp for vern kan vera slike som:

- ❖ **Materiell autentisitet** (at vi tek vare på mest mogleg av originalt materiale).
- ❖ **Konstruktiv autentisitet** (at vi tek vare på det indre vi ofte ikkje ser utan å opne).
- ❖ **Funksjonell autentisitet** (at byggverket skal fungere etter sin intensjon (at ei sag kan sagast på, at ei grue kan eldast på o s b)).
- ❖ **Strukturell autentisitet** (at det ikkje berre er ytste synlege laget det dreiar seg om). Dette punktet blir det ofte synda mot i praktisk vurdering. Til dømes eit tak med tro, never og viss slags overdekking anten det er jord, jord med bord eller viss slags torv blir erstatta med plast og rulletorv.
- ❖ **Estetisk autentisitet** (at vi er nøgne med det yttarste synlege laget).
- ❖ **Teknologisk autentisitet**. Vi talar om **prosessuell og teknisk autentisitet**. Då nyttar vi tidstypiske prosessar og tidstypisk verktyg og hermer verktyspor.
- ❖ **Historisk likeverd** (då skal alle epokar få bli del av det vi tek vare på).

- ❖ **Tilbakeføring** (er ofte ein hypotese).
- ❖ **Kvalifiserte kopiar** (er etter kvart anerkjent som god kunnskapsforvaltning).
- ❖ **Mellombels sikring** (vil kunne vera beste tiltak.)
- ❖ **Uforstyrra forfall** (er viktig prinsipp i arkeologi, men sjeldan nytta i bygningsvern.
Hus som har ramla ned og ligg urørde, kan vi likevel sjå på som kjelder til kunnskap.)

Framlegg til tiltak

Framlegg til tiltak tek utgangspunkt i situasjon, tilstand og det verneprinsippet som bør leggjast til grunn. Det kan bli spørsmål om:

- ❖ **Hastetiltak**
- ❖ **Større tiltak dei næraste åra og med tidsplan.** Det er svært viktig at den tida vi treng for å skaffe material er innarbeidd som ein del av tiltaket.
- ❖ **Tiltak på lengre sikt**
- ❖ **Skjøtselsplan**
- ❖ **Behov for nærmare utgreiingar.**
- ❖ I dei fleste tilfelle vil det bli spørsmål om **ein kombinasjon**.

Kostnader

Tiltaka bør følgjast av ei **kostnadsvurdering**.


Eit godt planlagt tiltak vil strekke seg over **minst to år**.

Å lage gode kostnadsoverslag er vanskeleg. **Dei største avvika frå oppsette kalkylar knyter seg til slikt vi oppdagar undervegs i arbeidet.** Det er difor grunn til å lage kostnadsoverslag berre for dei arbeida som omfattar synlege skadar.


Vi startar med underbygg



At hus står på stabbar er ikkje så uvanleg. Det vart likevel eit heilt nytt perspektiv på denne delen av byggjeskikken då **bursrota** over vart datert til 1597.



Leirmur



Kalkmur

Sement



Leirmørtel, kalkmørtel og sementmørtel oppfører seg ganske ulikt. Det er viktig at tilstandsrapportøren uttrykkjer noko om kva mørtel som er bruaka i murverket.

Å blande kan gjeva alvorlege konsekvensar

Setningar er det viktig å avsløre



Ved å fotografere på langs, vil vi ofte kunne avsløre setningar. Her på Gjemnes var det urovarslande bølgjegang.

No, når det heile er reetablert, er eitt av hjørna jekka opp 60 cm.

Å avsløre setningar er svært viktig del av tilstandsrapportering.



Dette var ”innmaten” i det freda huset. Huset var rote frå botn og rote frå toppen. Kring $\frac{1}{3}$ av tømmeret er skift. Eit stort og vanskeleg prosjekt. Basert på det som var synleg vart sannsynleg kostnad stipulert til 2 mill. Det blir 4 mill. Vi har lyta gjera fleire oppdateringar av tilstand.

Prinsipp for vern er endra frå historisk likeverd til delvis tilbakeføring og frå prosessuell autentisitet til delvis prosessuell autentisitet.




Fotografiene viser teknisk tilstand og om karakter på material.





Denne driftsbygningen på Årønes i Molde ser ved eit raskt blikk nesten ut til å kunne vera frå 1950 - åra. Når vi kjem nærmare innpå ser vi kraftig kledning med broten kant, litt ujamne breidder og som ikkje er heilt parallellskoren.

Enno nærmare ser vi hovudet på ein **smidd spikar**. Kledningen er venteleg frå før 1850.



Oppgangssaga bord
med saga kant

Når vi kjem inn, ser vi ei blanding av handsaga og oppgangssaga bord. Somme bord har saga kant, somme har øksa og høvla. Troet er oppgangssaga andrestokk, medan kledningen er frå første. Material og verkty er tidstypiske for ca 1830.

Bygningen er reist i 1830 og er eit svært tidleg døme på uthus med alle einingar under eitt tak.


**Konklusjon: Svært verneverdig.
Bygget har ikkje status som freda.
Kva gjer vi då?**



Oppgangssaga bord av andrestokk

Handsaga bord av rotstokk.
Her var kanten laga med øks
og høvla.

Vinje kyrkje i Hemne



Kantane er forma med øks og etter stokken. Dei er ikkje heilt beine. Deretter er kanten høvla og med karnissprofil. Kvitmålinga flaknar. Det er raudt og feitt under. Første målinga var venteleg med lyse som bindemiddel.
Tilbakeføring er aktuell her.

Samskara bord fortel venteleg om at dei er saga på oppgangssag. Kyrkja er frå 1830.
Kledningen er original og tidstypisk.

Det kan vera sjeldne detaljar av ein kvar art.

Har vi ord for å karakterisere dette laftet?

Veggen er oval inn og tilnærme flat på utsida. Hakanovene er arbeidd berre med øks og tilpassa etter stokken. Dei er ikkje hogne på mal



Dette laftet er såpass spesielt at det kanskje lyt ei prøvehogging til før vi får dreisen på det.

Kanskje svenskane har noko å lære oss. Dei har lengre tradisjonar i hakanover. Eit arbeid på dette huset kan ikkje setjast bort til kven som helst.





Teoretisk har vi 4000 laft i Noreg.
Det er altså ikkje spørsmål om å
kunne alle desse, men om å utvikle
språk og metodar for tilnærming.

Viktige inngangar vil vera:

Stokkform

Hals

Kinning

Form på novskallen

Tapp og eventuell plassering av
den.

Spor etter kva verkty som er nytta.

Dømet her er frå Rennebu. Vi har
for oss ein trønder, men han ser ut
til å ha litt påverknad sørantil.



Vi har kanskje **30 ulike slags system for reiste konstruksjonar**. Dette er ei stavline frå Nordmøre, slik som dei vart laga i første helvt av 1900 - talet.



Det typiske for alle desse sistema er at dei vert hogne saman flatt på bakken for så å bli reist og med ei systemtypisk **stramming**.

I praksis tyder dette at ei restaurering av **konstruktiv autentisitet** krev nedtakning og gjenreising av bygget. For den som kan, er dette ein nokså enkel operasjon.



Torv frå tynn myr med lyng, eller med lyngskjold kan vi finne på taka i vest



På forsidebildet såg vi ei gruppe lærande i ferd med å analysere neverlegging, kantingar og overtekkingar på opphavlege nevertekte tak. Slike analysar er eit sterkt forsømt kapittel i bygningsvernet.

Etter kvart har vi greidd å samle litt. Temaet er omfattande og svært nyansert. Poenget her er at **tilstandsrapportar kan vera viktig ledd i utforskinga av dei enno alt for store kvite flekkane på det bygningshistoriske kartet vårt.**



Diagonallagt never over mønet har vi berre sett i Gudbrandsdalen.

Råhumus på nevra og med overteking av kvabb er eit mønster som høyrer til høyrer på Lom, i Vågå, i Dovre, i Lesja og? Og? Gras på taket vart der sett på som teikn på dårlig vedlikehald.

Tak har svært mange detaljar.

Slik kan vi halde på.

Om vi vil kopiere det opphavlege i bygget.

Om vi vil lage ein medveten kontrast.

I både tilfelle er det viktig at bygget blir karakterisert, tolka og forstått.

Berre då blir dei tiltaka vi gjer lyft opp på eit nivå av medvit som kulturarven vår har krav på.

Når vi har gjort eit godt førearbeid er det lett å koma i gang med det utførande arbeidet.